



MELAND KOMMUNE
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUG

Dato: 13.06.2019
Vår ref.: 2019/12419-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Varsel om synfaring - Reskar - Vardnesvegen landbruksveg - gnr. 38, bnr. 2 - Meland kommune

Vi viser til brev datert 03.06.2019 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg i vegklasse 4 på ca. 325 meter. Vegen skal nyttast i samband med jord- og skogbruk og masseuttak på garden.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, men nokon område har potensial for nye funn frå steinalder. For å vurdere om det er naudsynt med ei eventuell arkeologisk undersøking jf. kulturminnelova §§ 3 og 11, vil Hordaland fylkeskommune foreta ei synfaring i delar av traseen. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.